

Frå
Utdanningsforbundet Alver

Til
Administrasjonsutvalet
Kommunestyret

UTTALE TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FOR ALVER KOMMUNE

Det er ei krevjande øving å kvart einaste år skulle argumentere for at barnehagane og skulane og resten av laget rundt barn og unge i Alver kommune treng tilstrekkelege økonomiske rammer til å kunne drive lovleg og forsvarleg. Enno meir krevjande er det for dei leiarane og tilsette som ute på den einskilde arbeidsplass ofte kjenner at dei ikkje strekk til. Dei som på papiret har ei bemanning som dei opplever ikkje samsvarer med mengda med pålagte arbeidsoppgåver, og som i tillegg skal følgje opp ungar med stadig større hjelpebehov og demme opp for eit vedvarande høgt sjukefråvere og mangel på vikarar. Både i barnehagane og skulane er det mange som vurderer å slutte i jobben, rett og slett fordi dei ikkje greier meir, og vi ser ein aukande tendens til at pedagogar faktisk òg forsvinn frå yrket. Samstundes har søkjartalet til både barnehage- og skulelærarstudia stupt med over 30% på dei siste 2-3 åra. Med kjennskap til dette, og kjennskap til forskinga som seier at ein av dei aller beste samfunnsmessige investeringane ein kan gjere er å satse på tidleg innsats og tett oppfølging av ungene i barnehage og skule. Desse investeringane har direkte samanheng med fråfall før fullført vidaregåande skule, samt utanforskap, trygdemottak i staden for arbeid, psykisk helse, rus og kriminalitet seinare i livet.

Barnehage:

Barnehagane ligg heilt i toppen når det gjeld sjukefråvere. I undersøking utført av Respons Analyse viser at 2/3 av styrarane slit med å få tak i vikarar. I ei undersøking gjort av Utdanningsforbundet i 2023 oppgir 1/3 av barnehagelærarane at dei ser for seg å slutte i yrket i løpet av 1-3 år, og 91% oppgir at bemanning er den viktigaste faktoren i høve til å greie å stå lenge i jobb. Dette biletet ser vi ikkje berre på landsbasis, men òg i Alver kommune. Styrarane og dei tilsette beskriv ein kvardag som til tider driv meir med oppbevaring av ungene, enn ein pedagogisk verksemd. Årsakene er kort og greitt nettopp låg grunnbemanning, høgt sjukefråvere og vikarmangel. Dei tilsette strekk seg langt for å gje ungene eit forsvarleg og pedagogisk tilbod, men meirbelastninga på grunn av bemanningssituasjonen fører stadig til nye sjukmeldingar. Vi får rapportert frå både kommunale og private barnehagar om stadige tilfelle av at tilsette på byrjinga og slutten av dagen er åleine med 10-15 barn frå 0-5 år. Er dette forsvarleg bemanning? Det blir nok ein gong rapportert om at ein stor del av pedagogane sin tariffesta plantid på minimum 4 t/veke ikkje blir gjennomført som planlagt, då pedagogane må vere vikar på avdelinga fordi det ikkje er forsvarleg å forlate ungene. Ein del plantid blir no utført med overtidsbetaling, men mykje fell heilt vekk. Dette har stor innverknad på kvaliteten i barnehagane, og mykje å seie for om ein kan seie at vi har ein pedagogisk verksemd eller ikkje.

Barnehagane i Alver er inne i ein negativ spiral som styrarane og dei tilsette ikkje greier å kome seg ut av utan auka bemanning. Arbeidsgjevar har fleire gonger vist til at barnehagane har hatt ein del årsverk «på topp», som om barnehagane i kvardagen har hatt meir bemanning enn dei elles ville hatt. Sanninga er at nær alt av desse årsverka har gått inn i ordinær drift som vikarar for langtidssjukmelde, og har vore finansiert av refusjonspengar frå NAV. Ikkje på noko tidspunkt har ein barnehage hatt meir bemanning enn bemanningsnorma og den ordinære vaktplanen seier.

Stadig fleire kommunar aukar no opp grunnbemanninga i barnehagane, då dette har vist seg å både redusere sjukefråveret, auke kvaliteten og få fleire til å stå lenger i jobben. Dei tilsette rapporterer der om mindre driftsmessig sårbarheit i periodar med mykje sjukdom, dei får gjennomført plantida si, og dei får tid til samarbeid og refleksjon. Til samanlikning har barnehagar i Alver fleire gonger måtta redusere opningstid eller stenge ei avdeling på grunn av manglande bemanning på jobb.

Utdanningsforbundet Alver krev at:

- alle tilsette i barnehagane får ein helsefremmande arbeidskvardag ut frå krava i Arbeidsmiljølova.
- Barnehagelova blir halde i høve til pedagogiske krav, pedagog- og bemanningsnorm OG forsvarlegheit.
- tariffavtalen SFS 2201 blir halde i høve til pedagogane sine MINST 4 timar plantid kvar veke.

For å sikre mest mogleg lovleg drift, og for å følgje opp Barnehagelova sine ord om tilstrekkeleg bemanning til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd, bed vi innstendig om at Kommunestyret vedtar ei styrking av grunnbemanninga, samt setje av midlar til vikarar i pedagogane si plantid seinast frå 2025.

Skule:

År for år har skulane måtta tåle ei nedbemanning, samstundes som skuleleiarar og tilsette melder om ein stadig tøffare arbeidskvardag. Elevtalet i skulane vil gå ned med om lag 25% i løpet av dei neste 10 åra. Matematikken er lett i høve til reduserte overføringar frå Staten, men ikkje tilsvarende lett i høve til å kutte klassar, då reduksjonen i elevtal kjem litt over alt. Når kommunen er nøydd til å ta omfattande grep for å få økonomien i betring, så meiner vi at det ikkje vil vere forsvarleg å foreta enno fleire kutt etter ostehøvelprinsippet. Vi reknar det som sannsynleg at kommunen kjem til å foreta endringar i skulestrukturen frå 2025 og utover, og at dette vil medføre ein nedgang i talet på tilsette. Vi vil åtvare om store negative konsekvensar for elevar og tilsette dersom kommunen tar stillingskutta allereie no. Kommunen er pålagt å følgje norsk lov, og gjennom det syte for at dei skulane vi til ein kvar til har er i stand til å følgje lovene.

Utdanningsforbundet Alver har gjentatte gonger påpeikt korleis skulane i Alver kommune tidvis bryt lova som ei direkte følgje av den stadig mindre bemanninga. Då rektorane rapporterte inn i GSI-systemet 1.oktober, fekk fleire av dei raudt flagg på grunn av brot på minstenorma for lærarar til ordinær undervisning. Skuleeigar hadde ikkje anna hjelp å tilby enn å påleggje rektorane om å fikse det, kva no det skal bety. Det hjelp ikkje desse skulane at kommunen, som skuleeigar seier, «samla sett ligg over minstenorma med god margin».

Rektorane gjer det dei kan for å drive lovleg og forsvarleg, men står ofte i eit håplaus val mellom å halde minstenorm for lærarar til ordinær undervisning, å oppfylle einskildelevar si rett til spesialundervisning og tilpassa opplæring og å oppfylle Opplæringslova sine krav i høve til eit forsvarleg skulemiljø. Med ei stadig auke når det gjeld utagering, vald, trugslar og trakassering, har vi òg mange døme på at tilsette ikkje har det forsvarlege arbeidsmiljøet som dei har rett på etter Arbeidsmiljølova. Kompenserande tiltak blir nesten aldri sete inn før nokre av dei tilsette har blitt sjukmelde på grunn av arbeidssituasjonen. Vi ser stadige brot på kvalifikasjonskrav for tilsette i undervisningsstillingar. Vi ser mange brot på einskildvedtak ved at spesialundervisning ikkje blir gjennomført. Fram til no har hovudregelen vore at dei føresette ikkje blir informerte når deira barn blir undervist av ukvalifiserte, eller barna ikkje får den undervisninga dei har rett på. Vikarsituasjonen er prekær ved dei fleste skulane, - lærarutdanna vikarar er nesten ikkje-eksisterande.

I budsjettmøtet for tenesteområde skule 16.11. var rektorane og dei tillitsvalde samstemte både i skildringa av no-situasjonen, og på kva konsekvensar ytterlegare kutt i stillingar vil ha. Elevar med særskilte behov vil få mindre oppfølging, skulane vil enno oftare bryte «lærarnorma» i høve til ordinær undervisning, og ytterlegare redusert bemanning gjer det enno vanskelegare å førebyggje, forhindre og handtere utagerande åtferd. Tenesteleiar skule var tydeleg på at ho ikkje greier å sjå korleis det er mogleg å kutte dei 17 stillingane som er føreslått. Vi vil oppmode Kommunestyret til å lese notatet frå dette møtet.

Utdanningsforbundet Alver krev at kvar einskild skule får økonomiske rammer som gjer det mogleg å drive innanfor lov- og avtaleverk, herunder Opplæringslova og Arbeidsmiljølova. Skulane må ha handlingsrom til å drive med tidleg innsats og førebyggjande arbeid, i tråd med dei fine orda i Kommunedelplan oppvekst. No greier ein ikkje stort meir enn brannsløkking.

Stabs- og støttetjenester:

Kvar gong det blir kutta i stabs- og støttetjenester, aukar arbeidspresset og -mengda på leiarane ute i avdelingane. Dei har fått meir skrivearbeid, og det blir stadig uttalt at det tar lang tid å få svar og avklaringar frå HR-avdelinga og lønsavdelinga.

Stab oppvekst i Alver har totalt like mange tilsette som staben berre innanfor skulesektoren i Askøy kommune. Det medfører at særskilt tenesteleiarane, men og avdelingsleiarane, i altfor liten grad får den hjelpa og støtta som dei treng.

Kvart kutt i PP-tenesta medfører mindre rettleiing til leiarar og tilsette ute i barnehagane og skulane, og det ser ut til å gå i retning av at meir testing og utreiing skal bli utført av tilsette med mindre kompetanse enn PPT sit på.

Avslutningsvis vil Utdanningsforbundet Alver peike på dei store utfordringane med å rekruttere og behalde lærarar i skulane og barnehagane, og den veldig krevjande vikarsituasjonen. Det er særskilt urovekkande at søkjartalet til lærarutdanningane har stupt dei siste åra, samtidig som vi særskilt innanfor skule står framfor eit stort generasjonsskifte. Med stort sannsyn vil vi oppleve ein veldig krevjande rekrutteringssituasjon i mange år, sjølv om vi går igjennom endringar i barnehage- og skulestruktur med kutt i stillingar.

For eit halvt år sidan sende årsmøtet vårt ein resolusjon til barnehage- og skuleeigar med krav om at det blir utarbeidd ein strategi for å behalde og rekruttere tilsette og vikarar som stettar kompetansekrava. Så langt har vi ikkje mottatt verken svar eller kommentar frå kommunen.

Vil vi oppmode Kommunestyret til å engasjere seg i denne saka.

For Utdanningsforbundet Alver
Jarle Næss, hovudtillitsvald